

Retningslinjer for bruk og forvaltning av kommunalt fiskefond konto 1.400.432

1 Fiskefond - Heimel, kapital og avkastning.

a) Fondskapitalen er: kr 250.000

Fiskefond på kr. 250.000,-innbetalt av Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap i samband med regulering av Kløvtveitvassdraget og Ynnesdalsvassdraget. Viser til brev frå Olje og Energidepartementet 11. april 2001.

b) Avkastning er:

Renter og anna avkastning av fondskapitalen

2 Føremål.

Fiskefondet skal brukast til opphjelp av innlandsfiske i Gulen kommune. Til konkrete fiskefremjande tiltak for å motivere og betre høvet til fritidsfiske med basis i lokale bestandar av fisk.

3 Målgruppe

Målgruppa for ordninga er private organisasjonar og lag, til dømes grunneigarlag og jeger- og fiskarlag og andre som driv fiskekulturarbeid

4 Søknad.

Søknadsfrist 15.april og 15.september

Forutsetning for å få tilskot er at ålmenta har høve/tilgang til fiske.

Søknaden skal vere skriftleg og innehalde ei utgreiing om tiltaket, kostnadsoverslag og finansiering.

5 Tilskot

Tiltaket kan etter søknad få maks 50% tilskot av kostnadsoverslaget. Renteavkastinga skal disponerast. Når det gjeld større tiltak som er for kostesame til å bli sett i verk berre ved hjelp av renteavkastinga, kan kommunen avgjere at grunnkapitalen skal kunne nyttast. Bruk av grunnkapitalen kan gjevast som eit rentefritt lån opp til 25% av grunnkapitalen, med ei nedbetalingstid over 5 år. Eventuell ubrukt renteavkastning kan samlast opp over tid og brukast i større prosjekt.

6 Administrasjon og forvaltning.

Fiskefondet vert administrert av Plan- og utviklingsetaten. Hovudutvalet for plan- og utvikling løyver midlar frå fondet i samsvar med retningslinjene Det er høve til å delegere mynde frå fondsstyret til administrasjonen innafor nærare gjevne fullmakter. Fondsmidla vert plassert på rentebærande konto slik at midla er disponible heile tida.

7 Utbetalingar.

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75% når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport m.m.) Ved andre løyvingar skal krav for utbetaling gå fram av vedtaket.

8 Klagerett.

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap.VI gjeld for klage og endring av vedtak